

INTERNT NOTAT

Dok ref.
11/1310-3/12/617

Arkivkode
B41

Dato:
19.01.2012

VEDTEKTER FOR KFU

Vedtekter for Kommunalt foreldreutval (KFU) Sauda

§ 1. Føremål

- 1.1. Kommunalt foreldreutval KFU for grunnskulane i Sauda skal vera eit samordnande og koordinerande organ for dei ulike foreldreutvala (FAU) ved grunnskulane i Sauda.

§ 2. Oppgåver

- 2.1. KFU Sauda skal arbeida for å auke forståinga og samarbeidet mellom heim og skule.
- 2.2. KFU Sauda skal målbera foreldra og skulane sine interesser ovafor kommuneadministrasjonen og politikarane.
- 2.3. KFU Sauda skal driva informasjonsarbeid og vera eit bindeledd mellom dei ulike grunnskulane i kommunen, slik at det kan føra til erfaringsutveksling og foreldresamarbeid mellom skulane.
- 2.4. KFU Sauda skal vera med og koordinera praktiske tiltak som til dømes natteramnar ved fellesarrangement i kommunen.

§ 3. Organisering

- 3.1. KFU er sett saman av leiar i FAU frå kvar av grunnskulane, nestleiar er vararepresentant. Politikarar, representantar for kommune- administrasjonen eller andre kan kallast inn til møta, og har tale- men ikkje røysterett.
- 3.2. Pedagogisk rettleiar er sekretær og kallar inn til møter.
- 3.3. Så snart dei lokale FAU er konstituerte om hausten, og seinast innan 1. oktober, bør det kallast inn til årsmøte i KFU, der vert det vald leiar og nestleiar. Alle vert valde for 2 år om gongen, slik at ein får overlapping.

§ 4. Arbeidet i KFU

- 4.1. Sakliste skal sendast ut minst ei veke på førehand, men i ekstraordinære høve kan det kallast inn på kortare varsel.
- 4.2. Saker som vert tekne opp til votering, vert vedtekne med simpelt fleirtal. KFU er vedtaksført når minst 2/3 av medlemmene er til stades.
- 4.3. Det skal førast protokoll frå møta, og denne skal sendast til rektor, leiar og nestleiar ved FAU på kvar enkelt skule og eventuelt andre som har vore møtedeltakarar, samt til kommuneadministrasjonen.

§ 5. Praktiske funksjonar

- 5.1. KFU får hjelp til kopiering og utsending av dokument av den kommunale administrasjonen. Kommunen bidreg elles med praktisk og økonomisk hjelp ved ulike arrangement i regi av KFU.

§ 6. Vedtektsendring

- 6.1. Endringar av desse vedtektene kan ein vedta på årsmøtet med 2/3 fleirtal. Framlegg om endringar skal vere utsende på førehand.

Vedteke på møte 18.01.2012

Rådmannsstab

Ellen Tveit Tangeraaas